



## Referat frå kommunemøte 29. august 2024

**Deltakarar:** Statsforvaltaren, kommunane, Vestland fylkeskommune, Politiet, PST og Helse Bergen

**Ikkje til stades:** Askvoll, Bremanger, Gulen, Modalen, Osterøy, Solund og Stord

### Overordna innleiing v/Haavard

Vi har planlagt tre teamsmøte (inkl. dette) denne hausten. På neste møte, torsdag 3. oktober, vil vi ha ein eigen bok om førebuing til handtering av uvêr m.v. til hausten/vinteren. Vi vil mellom anna ha med Statens vegvesen og fylkeskommunen, som ein del av oppfølginga av evaluatingsrapporten etter vêrendingane sist vinter. Vi vil sende ut meir informasjon om dette i god tid før møtet.

### Fagsamling

Det er kjekt at så mange har meldt seg på fagsamlinga i november. Påmeldingsfristen er 3. oktober, og [påmeldingsskjema finn de her](#).

Vi minner om at det er frist 16. september for å bestille rom til konferansepris på Terminus eller Zander K. Meir informasjon om dette står i e-posten de mottek ved påmelding og på påmeldingssida.

### Møte for kommunane i Helse Førde sitt opptaksområde i samband med GAP-analysen

Torsdag 5. september skal det vere møte for kommunane i Helse Førde sitt opptaksområde, i samband med GAP-analysen for primærhelsetenesta. Vi ber om at dei som ikkje har meldt frå om dei skal delta eller ikkje går inn å «godtek» eller «avslår» møteinnkallinga.

### Presentasjon av ny fylkeslege

Kristin Cotta Schønberg har no teke til i stillinga som fylkeslege. Ho har dei siste fire åra vore kommuneoverlege i Askøy. Ho har tidlegare vore assisterande fylkeslege i både Hordaland og Vestland. Ho har i tillegg erfaring som fastlege, smittevernlege og legevakslege. Kristin har jobba mykje med beredskap, kommunikasjon og samarbeid på tvers av tenester.

### Forskriftskrav om beredskapslagring av personleg verneutstyr

Regjeringa har bestemt ei endring i planforskrifta til helseberedskapslova. I gjeldande forskrift har det vore ei generelt krav om å sikre det ein treng av forsyningar, utan noko nærmare konkretisering. Med verknad frå 1. januar 2026 gjeld krav om beredskapslagring av tre månaders normalforbruk av personleg verneutstyr (smittevernutstyr). Som ein del av endringa er det òg lagt inn føringar for korleis utstyret skal lagrast.

Sjå vedlagt brev frå Helsedirektoratet.

### Informasjonsbrev til helsetenesta om handtering av mpox

I [informasjonsbrev frå 27. august oppmodar Helsedirektoratet i samråd med Folkehelseinstituttet helsetenestene om å vere merksame på personar som kan vere smitta med mpox](#), slik at dei vert fanga opp så tidleg som mogleg i sjukdomsutviklinga. M-koppar er definert som ein allmennfarleg smittsam sjukdom. Det betyr at den skal meldast til MSIS og varslast, og at utgreiing, behandling og smittevernrettleiring vert dekt av Helfo.



Det strategiske målet for handtering av m-koppar i Noreg er eliminasjon. Målet med handteringen i helsetenestene er gje pasientane forsvarleg og omsorgsfull helsehjelp og stoppe vidare smitte.

## Eigenberedskapsveka

Eigenberedskapsveka 2024 vil bli gjennomført i veke 44 (28. oktober til 3. november).

Råda om eigenberedskap vart oppdatert 29. mai i år. Den største endringa var å gå frå å oppmøde folk om å førebu seg på å kunne klare seg i tre dagar, til no éi veke. De kan [lese meir om råda på sikkerhverdag.no](#).

DSB vil i veke 44 sende ut brosjyrar på bokmål, nynorsk og samiske språk til postkassene til alle landets bustader. Kommunane og Sivilforsvaret er oppmoda om å bidra med å nå dei grupper i samfunnet som ein i mindre grad når gjennom generelt informasjonsarbeid. Som ein del av dette har kommunane høve til å bestille trykte brosjyrar på ei rekke framandspråk. Frist for bestilling er 15. september.

[Her kan de lese meir informasjon om eigenberedskapsveka retta mot de som arrangerer eigne aktivitetar.](#)

[Orientering om eigenberedskapskampanje retta mot unge mellom 18 og 29 år v/Live Borrebæk, SF Vestfold og Telemark](#)

Det er ikkje alle som er like enkle å nå med informasjon om eigenberedskap. Live Borrebæk hjå Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark orienterte om ein informasjonskampanje retta mot unge i etableringsfasen (18-29 år). Den vart laga av studentar ved USN, som ei bacheloroppgåve i visuell kommunikasjon.

Kampanjen nyttar humor for å nå målgruppa ,ved å skildre seks absurde situasjonar. For å nå ut med bodskapen brukte dei Facebook, Instagram, Twitter, artikkel, infoskjermar og plakatar.

Erfaringa er at det framleis er vanskeleg å nå målgruppa. Barne- og ungdomsutvalet i Vestfold og Telemark har gitt innspel om at det å nyte elevråd/tillitsvalde på skulane, studentsamskipnader og betalt plassering i sosiale media, kan bidra til å treffen målgruppa betre.

Kommunar som ønskjer å nyte råmaterialet til kampanjen kan ta kontakt med Mari Severinsen ([mari.severinsen@statsforvaltaren.no](mailto:mari.severinsen@statsforvaltaren.no)).

Sjå vedlagt presentasjon om kampanjen.

## Rettleiar for kommunanes arbeid med evakuatingsplanverk

DSB har publisert ein [ny rettleiar som har som mål å hjelpe kommunane med å planlegge og øve på evakuering av innbyggjarane ved kriser](#). I rettleiaren går det mellom anna fram kva som er kommunen sine oppgåver ved ei evakuering, og kva rolle andre aktørar har.

Evakuering krev samvirke mellom fleire ulike aktørar, og det er viktig å få til eit samvirke om både planlegging og gjennomføring.

Sjå vedlagt presentasjon om rettleiaren.



## Innlegg frå Voss Herad v/Maria Eknas om deira arbeid med evakueringsplanverket i kommunen og samarbeid med politiet og andre aktørar

Maria Eknas orienterte om korleis Voss herad har jobba med evakueringsplanverket sitt, og korleis dei har samarbeidt med politiet om dette. Politiet på Voss tok i 2019 initiativ til samarbeid med sine kommunar, om planlegging knytt til evakuering og etablering av evakuerings- og pårørandesenter (EPS). Grunntanken for samarbeidet var at det er viktig å kjenne kapasitetar, roller og personar i «fredstid», for å vere godt førebudd når krisa skjer.

Kommunen har sidan det revidert evakueringsplanverket sitt i tett dialog med politiet og andre eksterne aktørar. Kommunen har mellom anna inngått ein beredskapsavtale med Scandic hotell.

Eknas trakk fram at det å øve saman er viktig. Dei har planlagt ei større beredskapsøving i november.

Vedlagt ligg presentasjonen til Voss herad.

## Den tryggleikspolitiske situasjonen

### Status om krigen i Ukraina og atomtryggleik

Haavard Stensvand orienterte om situasjonen i Ukraina, og [viste m.a. til informasjon frå den amerikanske tenketanken ISW](#).

### Orientering om den tryggleikspolitisk situasjonen v/Torgils Lutro, PST

Lutro understreka at den geopolitiske situasjonen i verda òg påverkar Noreg. Denne veka vart Energimessa i Stavanger i Stavanger gjennomført. PST ser at dagens situasjon mellom anna gjer det viktig for tryggleikstenestene å ha eit godt samarbeid med næringslivet.

Stadig yngre blir radikalisert av høyreekstremisme og ekstrem islamisme på nett. I [ekstremismekommisjonen sin rapport](#) som vart publisert i vinter, var dei tydelege på at kommunane bør få eit større ansvar for å fange opp og følgje opp barn og unge som vert utsett for radikalisering.

Ein viktig årsak til at Ukraina har heldt ut så lenge mot Russland er at dei hadde mobilisert godt i heile befolkninga før invasjonen. Det er viktig at ein er budd på å handtere uønskte hendingar og at det er etablert god samhandlingskultur i førekant av hendingar.

### Oppdatering om politiets arbeid med KIKS i lys av den tryggleikspolitisk situasjonen v/Gustav Landro, Vest politidistrikt

Gustav Landro i Vest politidistrikt orienterte om korleis dei arbeider i lys av den tryggleikspolitiske situasjonen. Han trakk særskilt fram det gode samarbeidet mellom politiet og kommunane, og roste den gode rapporteringskulturen som ein no ser hjå kommunar og andre aktørar i fylket.

Nokre kommunar kan vente militær øvingsaktivitet. Politiet oppmodar dei kommunane dette gjeld om å bidra med informasjon ut til sine innbyggjarar.

Både PST og politiet oppmodar alle om å melde frå viss dei ser noko unormalt. Ein kan t.d. nyte [tipsportalen til politiet](#), eller ved større hendingar ringe direkte til 112.

Neste planlagde kommunemøte **er torsdag 3. oktober, kl. 13.30-15.00.**